

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.04.2020

### Utviklingsplan for Vestland - Vedtak om høyring og offentleg ettersyn

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek å sende forslag til *Utviklingsplan for Vestland - Regional planstrategi 2020-2024* på høyring og offentleg ettersyn i perioden 4. mai - 19. juni.

### Samandrag

*Utviklingsplan for Vestland* gir utviklingsmål for perioden 2020-2024, og er formelt ein regional planstrategi. Planen skal leggjast til grunn for fylkeskommunen, staten og kommunane sitt planarbeid i perioden 2020-2024. Fylkesrådmannen rår til at gjeldande regionale planar som er geografisk avgrensa blir vidareført i denne perioden, og at ein fokuserer på å revidere planar som er sentrale for å bidra til måla i utviklingsplanen. Planbehovet kan bli nærmere vurdert i etterkant av høyringa. Fylkesrådmannen tilrår at planforslaget blir vedtatt sendt på høyring i perioden 4. mai - 19. juni. Det vil bli arrangert digitale informasjonsmøte i løpet av høyringsperioden.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Bakgrunn for saka

Regional planstrategi er eit obligatorisk planarbeid i alle fylker og blir utarbeidd kvar valperiode og seinast eitt år etter konstituering av nytt fylkesting, jf. Plan- og bygningslova § 7. Arbeidet med førebuing av kunnskapsgrunnlag for *Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024* starta i førre fylkestingsperiode ved at fylkesrådmannen utarbeida ein grundig rapport med statistikk og utviklingstrekk for Vestland. Denne vart lagt til grunn for utarbeidninga av folkehelseoversikt og utfordringsdokument for Vestland. Desse rapportane utgjer kunnskapsgrunnlaget for utviklingsplanen og vart lagt ved saka når Fylkesutvalet i Vestland formelt vedtok oppstart av planarbeidet 3. desember 2019, jf. [PS 22/2019](#).

Planutvalet har som prosessutval handsama to saker underveis i prosessen i møta 30. januar og 26. mars 2020. I desse møta har dei fastsett mål og strategiar som inngår i planen, jf. [PS 1/2020](#) og [PS 2/2020](#). I møtet 26. mars fatta planutvalet følgjande vedtak:

1. *Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:*

*Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg vert flytta fram som mål 1, og får desse strategiane:*

1. *Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følge av pålagde tiltak knytt til handteringen av korona.*
2. *Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.*
3. *Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortynn, forsking og innovasjon.*
4. *Vestland fylke skal aktivt söke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.*

*Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling vert nytt mål 2, og får desse strategiane:*

1. *Vestland skal vere ein pådriver for klimaomstilling og nullutslepp.*
2. *Vestland skal forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.*
3. *Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.*

*Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland blir mål 3, og får desse strategiane:*

1. *Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.*
2. *Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.*
3. *Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.*

*Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping vert nytt mål 4, og får desse strategiane:*

1. *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.*
2. *Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.*
3. *Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.*

2. *Planutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærmare vurdering av planbehov.*

I følgje *Reglement for folkevalde organ og delegering* har Fylkesutvalet myndighet til å utarbeide og sende forslag til Regional planstrategi på høyring og offentleg ettersyn.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Når *Utviklingsplan for Vestland - Regional planstrategi* er vedtatt vil den gi føringar for prioriteringar i budsjett og økonomiplan frå 2021.

**Klima:** Klimautfordringane er peikt på som ei sentral utfordring i kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen. Klimaomstilling og nullutsleppssamfunnet er løfta fram i mål og strategiar.

**Folkehelse:** I tråd med folkehelselova er det utarbeidd ei folkehelseoversikt som grunnlag for utviklingsplanen. Utfordringar og moglegheiter som er skildra i oversikta, er lagt til grunn for mål og strategiar og for vurderinga av behov for planar. Forslag til mål og strategiar er relevante for å oppnå betra folkehelse i befolkninga.

**Regional planstrategi:** Fylkestinget skal vedta ny regional planstrategi i løpet av første år etter fylkestingsvalet. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 vil formelt vere ein regional planstrategi. I denne saka legg fylkesrådmannen fram eit høyringsforslag.

#### Saksutgreiing

Planstrategien skal gjere greie for utviklingstrekk og synleggjere utfordringar og utviklingsmogelegeheiter i fylket. I Vestland fastset planstrategien utviklingsmål for perioden, og ein har difor valt å kalle planstrategien *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*. Planen peiker på kva regionalt planarbeid som skal arbeidast med i perioden. Planen skal leggjast til grunn for fylkeskommunen, staten og kommunane sitt planarbeid i perioden 2020-2024. Strategien vil påverke dagsorden og prioriteringar i fylket dei neste fire åra.

#### Prosess og medverknad

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget var det omfattande medverknad gjennom dialogmøte og spørjeundersøking i kommunane. Innspel frå kommunar og dialogmøte vart innarbeidd som ein del av utfordringsdokumentet som ligg til grunn for planforslaget.

Regionalt planforum drøfta utviklingsplanen sine mål og strategiar i møte 11. februar 2020. Forumet er samansett av ei rekke statlege og fylkeskommunale sektororgan. Hovudinntrykket frå møtet var ei positiv oppslutning til mål og strategiar slik dei låg føre på det tidspunktet. Medlemmane fekk og mogelegheit til å løfte fram regionalt planarbeid som burde bli prioritert i denne perioden.

Det har blitt gjennomført eit samrådsmøte mellom fylkesvaraordførar, representantar for fylkesmannen i Vestland og representantar frå KS Vestland 10.3.2020. Her vart det drøfta mål og strategiar, planbehov og medverknad og det vart i stor grad gitt tilslutning til utkasta som vart presentert.

Det har vore gjennomført informasjons- og medverknadsmøter i fleire råd og utval i fylkeskommunen:

- Eldrerådet 28.1.2020
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 5.2.2020
- Vestland ungdomsutval 6.3.2020
- Alle politiske hovudutval i mars (Kultur, idrett og integrering vart avlyst pga smitteverntiltak)

Internt i fylkeskommunen har det gjennom heile prosessen vore plankontaktar i alle avdelingar som har følgt strategiarbeidet og kome med innspel undervegs. Det har og vore interne prosesser på avdelingane, og arbeidet har vore drøfta i toppleiargruppa gjennom fleire møter.

#### Mål og strategiar

Som oppfølging av vedtak i Fylkesutvalet i oppstartssaka 3. desember 2019, er FN sine berekraftsmål lagt til grunn for arbeidet med planstrategien. Basert på desse og med utgangspunkt i grunnlagsdokumenta, har planutvalet sluttat seg til fire hovudmål med strategiar.

Fylkesrådmannen har endra rekkefølga i tråd med planutvalet sitt vedtak, og har lagt mål og strategiar til grunn for endeleg utforming av høyringsforslaget. Fylkesrådmannen føreslår nokre mindre tekstdrøyingar i to av strategiane for å gjere dei meir tydeleg.

Dette gjeld strategi 1.1 der ordet *pandemi* er hekta på slik at strategien no er formulert slik:

1.2 Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følge av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

Vidare gjeld det strategi 2.2 som også er skrive om for å tydeleggjere den noko:

2.2 Vestland skal sikre og forvalte infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.  
er endra til

2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

#### Forslag til planoppgåver i perioden 2016-2020

Fylkesrådmannen viser til planutvalet sitt vedtak 26. mars 2020 om at «*fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærmere vurdering av planbehov*». Fylkesrådmannen opprettheld sin tilråding som vart lagt fram for planutvalet, jf. PS 2/2020, men understrekar at planbehovet kan bli vurdert på nytt i etterkant av høyringa og dei innspel som kjem der.

Fylkesrådmannen meiner det er mange gode regionale planar i begge dei gamle fylka, og at mykje av det regionale planarbeidet i komande periode bør vere knytt til å revidere og utarbeide samla planar for tema der det allereie finst planar. Dette inneber at geografisk avgrensa planar i denne omgang vert tilrådd vidareført då føresetnadene til desse ikkje er endra i nemneverdig grad. Vidare tilrår fylkesrådmannen at ein fokuserer på å revidere planar som er sentrale for å bidra til måla i utviklingsplanen. Tabellen under gir ei samla oversikt over regionale planar og temaplanar fylkesrådmannen rår til at det vert arbeidd med og vidareført i perioden:

Regional plan	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	X			Oppstart 2020
Regional klimaplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for senterstruktur	X			Oppstart 2021
Regional transportplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for kompetanse	X			Oppstart 2021
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	X			Oppstart 2021
Regional plan for vassforvalting Vestland	X			Under utarbeiding
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger		X		Vedtatt 2017
Strategisk plan for kysten (S&F)		X		Vedtatt 2018
Regional planar for folkehelse		X		Vedtatt 2014/15
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for Nordfjella 2014-2025		X		Vedtatt 2014
Regional plan for Hardangervidda 2011-2025		X		Under revisjon
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)		X		Vedtatt 2012
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026		X		Vedtatt 2016
Regional plan for vindkraft (S&F)		X		Vedtatt 2011
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)		X		Vedtatt 2009/12
Temaplanar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut
Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland	X			
Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar 2002-2024			X	

Skulebruksplanar			X	
Klinikkstrukturplan		X		

Vidare framdrift, høyring og vedtak

Fylkesutvalet skal no veda å sende forslag til *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi* på høyring og offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova § 7-1.

Høyringsperioden skal vere minimum 6 veker, og fylkesrådmannen rår til at den vert sett til 4. mai - 19. juni.

Medverknad frå samfunnet er vesentleg for å utvikla ein relevant og gjennomførbar planstrategi. Det var omfattande medverknad gjennom dialogmøte og spørjeundersøking i samband med utarbeidninga av kunnskapsgrunnlaget. Høyringsperioden vil tilfredsstilla formelle krav til medverknad, men fylkesrådmannen vil rå til at det også blir gjennomført informasjons- og innspelsmøter i samband med høyringa. Det ville normalt vore naturleg å reise ut i fleire regionar, men grunna smitteverntiltak i samband med koronoapandemien er dette ikkje mogeleg å få til. Fylkesrådmannen vil kome attende med opplegg for gjennomføring av eit eller fleire digitale informasjonsmøte. Dette vil skje i tett dialog med politisk leiing i fylkeskommunen.

I etterkant av høyringa vil det bli laga ein kort rapport med oppsummering av alle innspela og fråsegnene. Etter høyringsperioden vil utviklingsplanen bli bearbeidd og fremja for endeleg vedtak i fylkestinget i september i tråd med framdriftsplanen.

Planfasar :	Førebuing		Utarbeidning			Høyring			Vedtak			
	Månad	.....	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep
Kunnskapsgrunnlag												
Medverknadsperiode												
Høyringsfase												
Vedtaksfase												
Fylkestinget - vedtak												29-30

## Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner planforslaget med mål, strategiar og planbehov gir gode føringar for vidare arbeid i fylket. Alle regionale planar skal ha fokus på korleis dei kan bidra til å nå hovudmåla, og utviklingsplanen kan dermed bidra til at alle regionale planar får eit breiare fokus på tvers av sektorar. Dette er vesentleg for at planlegging og tiltak i sum skal bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål. Utviklingsplanen skal også bli lagt til grunn for statleg og kommunal planlegging i fylket.

Fylkesrådmannen meiner forslag til regional planstrategi har vore utarbeidd i ein god prosess med medverknad eksternt og internt. Utfordringane som har kome fram i prosessen er svært relevante for den aktuelle situasjonen. Mål og strategiar adresserer utfordringane på ein tenleg måte. Fylkesrådmannen tilrår at planforslaget blir vedtatt sendt på høyring i perioden 4. mai - 19. juni.